

Nr. 7

DESEMBER 1990

23. ÅRG

# KYRKJEFEST



*125-årsjubileet for Arna kyrkje vart ei kyrkjefest med stor bredde. På samværet etter jubileumsgudstenesta sist søndag overrakte varaordførar Arne Mikal Landro ei gåve frå Bergen kommune. Det var ein teikning av humoristen Audun Hetland med namnet «Menneskefiskere»*

**Sjå side 8 og 9**

# HEIDNINGE-JOL

Av biskop Per Lønning

«Jola er eigentleg ein fest for heidningar». Dette er det minst to flokkar mellom oss som hevdar. Me høyrer frå folk som soknar til Heidningesamfunnet: «Jola er ikkje noko anna enn vårt gamle Midtvinters-blot frå før-kristen tid. Dette med krubbe og klokkeklang er berre ein forklednad. Det er solvending og grøderikdom folk held fest for i dag òg: øl flyt og flesk fløymer til ære for Moder jord.» Og me høyrer frå Jehovas Vitne i sitt stridsglade Vakttårn: «Jola var ei gamal heidnisk høgtid i Romarriket, festen for Sola den Sigersæle. Ei verdsleggjord og media-mektig kyrkje rana til seg den populære folkefesten for å styrkja posisjonen sin, og ho lukkast så det berre stod etter. Men kvar er det påbode å halda jol i Bibelen?

Kva skal kyrkja svara til slike åtak? Lat det beinast vera sagt: Bibelen melder oss korkje dato eller årstid for Jesu fødsel, og ikkje var det vanleg å rekna årsmåsdagar på den tid. Påske har kyrkja høgtida frå første stund — pinsti visseleg òg — men jola kom først til som kyrkjehøgtid i det 4. hundreåret. Og det tykkjest klart nok at tidspunktet på året var valt nett utfrå solvendet og den gamle ljøs—festen.

Ja, så er det då rett: jola er ei heidningehøgtid? Så kan seiast — dersom me sjølve gjer ho til det. Men heilt så medvitslaust var det ikkje kyrkja valde seg ljøsfesten den mørkaste veka i året. Hadde ikkje Meistaren sjølv sagt: «Eg er ljøset for verda» (Joh 8:12) og, i same andedraget: «Den som fylgjer meg, skal ikkje ferdast i mørkret, men ha livsens ljøs»? Barnet frå jolenatt var ikkje ein kven-som-helst som dukker umeldt opp i saga. Han er sjølve det ljøs menneskeætta ope eller umedvite venta på. Når Johannes-evangelisten kallar han for Ordet (Joh 1:1) var dette ei velkjend nemning i heidningeverda. Ordet — Logos — tydde: skapartanken, verdens mål og mening, klårleiken som alle menneske leitar og famlar etter. Hadde Johannes fått

høyra om jolehøgtida som skulle finna form 300 år etter hans tid, trur eg han ville ha sagt: «Ja, sjølv sagt! Ingenting er meir meningsfullt. Ljos-fest midt i vintermørkret speglar ein stor lengt og eit spaningsfullt spørsmål nedlagt i oss av Skaparen sjølv. Berre ille at heidningane tek spørsmålet for sitt eige svar og dermed slår seg til tøls utan verkeleg livsoppklåring! Gjer Jesus Kristus til hjarta i høgtida, og meininga er funnet!»

Sakte er der heidningar ute og set farge på joleevangeliet òg. Den første var keisar Augustus. Lite tyder på at det hadde vorte noka Betlehems-ferd utan han. På tampen kjem dei tre visemennene frå Austerland, dei som fylgde stjerna på si leiting etter ein ukjent kongsson. Jola vender seg ikkje berre til eit enskildt folk, men til verda, til menneske-ætta. Ikkje berre til dei kyrkje-trugne og bibelkunnige, men til alle som ikkje trengjer til sides det alt-sprengjande spørsmålet dei kjenner på. Heidningar ikkje unntekne. «Det som de tilbed uten å kjenna det, det er det eg forkynter dykk», preika apostelen i verdsbyen Athen. profeten som 700 år før Jesu fødsel spådde om «det store ljøset— til å skina for folk i mørkret, peika serleg på «heidningane sitt Galilea» (Jes. 9:1f): gledesbodet er for folk i utkantane òg, det er for alle. Minus — åleine — dei sjølvforsynte.

Difor plaga det kyrkja lite at hennar kritikarar i aust eller i vest kallar jola «ein fest for heidningar». I trygg visse om kven Kristus er og kva Kristus vil oss, svarar me: «Så gjerne, så gjerne». Heidenskap i den arge meininga: *gudløse*vert høgtida berre der menneske, mette og velnøgde, held gilde utan vilje til å ansa Bergingsmannen, verdsens von, livsens ljøs. For heidningar på veg vidare er det alltid von — dei vere seg gamal-romerske eller ny-norrøne. Fødde heidningar er me visst alle. Velsigna jol!

Dykkar  
Per Lønning

# JULEFESTAR

## Ytre Arna bedehus:

28.12: Barnefest kl. 17. 00. Store og små er hjarteleg velkomne. Arr.: Søndagsskulen.

12.01: Julefest kl. 18.00. Tale v/Per Nygård.

## Haugland bedehus:

28.12: Barnefest kl. 17.00 v/Søndagsskulen.

30.12: Julefest kl. 18.00. Tale v/Kåre Hellem.

## Tunes bedehus:

29.12: Julefest for heile familien kl. 16.00. Tale v/Lilly Haugland.

## Arna bedehus:

05.01: Familiefest kl. 18.00. Program for heile familien. Tale v/sokneprest Nese. Sang av Hagaviktrioen.

## Betania, Lone:

27.12: Barnefest v/Søndagsskulen kl. 16.00 Tale v/sokneprest Kjell Nese.

28.12: Julefest v/BUF og Y-ungdom. 13.01: Borgafest kl. 16.00. Tale v/sokneprest Kjell Nese.

## Unneland bedehus:

27.12: Julefest kl. 17.30 Tale v/sokneprest Inge K. Meidel

## Julefest

for eldre i Ytre Arna: Ytre Arna Sanitetsforening og Ytre Arna sokneråd innbyr alle eldre i Ytre Arna til julefest søndag 13. januar kl. 16.00 på Sentrum.

## Konsertar i Ytre Arna kyrkje

### JULEKONSERT

Julekonsert i Ytre Arna kyrkje søndag 16.12 kl. 19.00.

Arne Musikforening

Arne Sangforening

Gullfjell Trekkspelklubb

Ytre Arna kyrkjekor

Ytre Arna barne- og ungdomskor

Andakt ved Harald Sundsbø

### NYTTÅRSKONSERT 8. JANUAR

Tirsdag 8. januar konsert i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00.

Bergen Nord kammerkor

Ytre Arna kyrkjekor.

Tone Kvam Thorsen

Gruppe frå Ytre Arna Barne- og ungdomskor.

Kollekt.

Med støtte frå Rikskonsertane.


## Bispevisitas

Biskop Per Lønning har gjeve melding om at han reknar med å komma på bispevisitas i Arna i tida 21.-24. november 1991. Programmet for visitasen vert sett opp seinare.

## Evangelisk møteaksjon

Det vert arrangert ein ny evangelisk møteaksjon for Stor-Bergen i Johannes-kyrkja frå laurdag 10. februar til 10 mars 1991. Det er Bergen Indremisjon og Misjonssambandet i Bergen som står ansvarlig for aksjonen i nært samarbeid med Johannes kyrkjelyd. Det vert arbeid for å få sangevangelistane Marit Stokken og Irene Krokeide Alnæs som talarar til denne møteaksjonen.

## Festskrift som julegåve



Det er framleis att ein del eksemplar av festskriftet som vart laga til kyrkjebileet i Ytre Arna i 1989. Det kostar kr. 50, og kan kjøpast i kyrkja i Ytre Arna, på Kyrkje-kontoret tlf. 24 85 46 i Kyrkjelydshuset og i Indre Arna på kontoret i Borgstova.

Skal ein gje ei gåve til utflytta Arnabuarar, kunne vel dette vera ein god ide?

## Takk for gåva

Ytre Arna sokneråd har motteke ca. kr. 6000 på postgiroblankettane som vart lagt i kyrkjelydsbladet sist. Pengane går til innkjøp av skap på kjøkken og innreiing av 3. etasje i Kyrkjelydshuset.

## Bedehuset utvidar

Ved bedehuset i Ytre Arna er det no grave ut for å starta med grunnarbeid for utviding av huset. Det skal byggjast eit tilbygg som mellom anna skal gje rom for eit større kjøkken. dessutan er det plan om å laga inngang nede slik at trappa opp vert inne i tilbygget i staden for utanfor huset, slik det har vore til no.

Laurdag 17. november var det og stor julemesse til inntekt for huset, og der kom det inn kr. 22.750,-.

## Julespørsmål

Nå som det nærmer seg jul, kan det passe å se på noen spørsmål som har med Jesu fødsel å gjøre, skriver Bibelselskapets blad Nytt om Bibelen. Prøv selv. Svarene finner du på side 13.

1. Hvem står som stamfar i ættetavlen til Jesus?
2. Hvor ble Jesus født?
3. Hvor vokste han opp?
4. Hvor bodde han de siste årene av sitt liv?
5. Hvilke gaver hadde vismennene med seg til Jesu barnet?
6. Hvem ga beskjed om hva Jesus skulle hete, allerede før han ble født?
7. Hvem fikk først melding om at Jesus var født?
8. Hvem var keiser på den tiden da Jesus ble født?
9. Og hvem var landshøvding i Syria?
10. Hvem sendt Herodes bud på da han fikk høre om at Messias var født?
11. Hvor gammel var Jesus da han ble omskåret?
12. Hva slags offer bar Jesu foreldre fram i tempelet?

## Ådnamarka skule til topps med Jakobstigen

Klasse 3N og 4N ved Ådnamarka skule gjekk til topps i formingskonkurransen som vart skipa til i samband med 125-årsjubileet for Arna kyrkja. Barneskulane i Arna var innbedne til å senda inn elevarbeid til jubileumsutstilling. Det resulterte i ei rekke fine formingsarbeid med motiv frå bibelsoga og frå kyrkelivet. Ein jury vart nedsett for å finna fram til det beste arbeidet.


Vinnararbeidet hadde motiv frå Jakobsbrønnen. 2. plass gjekk til klasse 4 ved Indre Arna skule og hadde eit kross-symbol.

Tredjeplassen vart delt mellom 2.klasse på Ådnamarka skule, som hadde laga eit kjeramikkarbeid av ein blomstereng, og klasse 4N ved Lone skule som hadde laga eit glassarbeid.

Stor interesse på utstillinga vakte også eit stort glassarbeid som elevane i klasse 3B ved Ådnamarka skule hadde laga med motiv frå forteljinga om Noahs Ark og to kjeramik- og makramearbeider med motiv frå hyrdingane på marka og fiskefangsten til Peter.

Husstyret for kyrkjelydshuset skal vurdera om elevarbeidene skal nyttast som fast utsmykking på veggane i kyrkjelydshuset.

## Klubben 15 år



Fritidsklubben for psykisk utviklingshemma, som Arna kyrkjelyd driv, feira nyleg sitt 15-årsjubileum med festmøte i kyrkjelydshuset. Dei tre som har vore med i klubben sidan starten fekk tildelt diplom. Det er Steinar Mjelde, Per Agnar Rolland og Torun Solberg (bilete). Leiaren i klubben, Toril Sørli, hadde skrive song til festen og der var navnet til alle medlemmane i klubben teke med. På jubileumsfesten vart det servert gryterett og blautkake. Klubben har møte kvar onsdag mellom klokka 18 og 20. Den held til i lokala til kyrkjelyden sin barnehage i Arna bedehus.



## Kyrkjekaffi med musical

Andre søndag i advent, 9. desember, etter familiegudstenesta, arrangerar Barnekantoret kyrkjekaffi i kyrkjelydshuset.

Det blir ingen tradisjonell kyrkjekaffi.

Barnekantoret vil her framføre ein liten musical, «Lille julaften hos nissefamilien» av Stein Skøyeneie. Det vert lynlotteri og servering. Vel møtt!

## Korseminar

Første helga i januar arrangerar Arna Kammerkor for andre året på rad korseminar med Per Oddvar Hildre. Hans namn skulle vere kjent for dei fleste, som dirigent for Det Norske Kammerkor og SKRUK.

Seminarkoret, som tel 90 sangarar, er samansatt av koristar frå lokale kor i Arna og omegn.

Seminaret tar til fredag ettermiddag og vert avslutta med konsert i Arna kyrkje søndag ettermiddag kl. 17.00.

På programmene står blant anna latin-amerikansk musikk i norsk språk drakt m.m.

## Konsertar i Arna kyrkje

### DESEMBER:

Søndag 9. kl. 19.00  
Jubileumskonsert  
Musikklaget Janus  
Arnavågen musikklag  
Gullfjell trekkspelklubb  
Arna kyrkjekor  
Kantor Asbjørn Flåm  
Sokneprest Kjell Nese  
Kollekt

Torsdag 13. kl. 19.00

### JULEKONSERT

Haukeland sònglag  
Dir. Ragnhild Nilsen  
Bergen 1. korps hornorkester  
Dir. John Brakstad  
Marianne Juvik Sæbø — sopransolist  
Line Gulbrandsen — tverrfløyte  
Ludvig Claesson — cello  
Atle Halstensen — orgel

På programmet står bl.a. engelske, franske og polske julesanger i arrangement av A. Ohrwall og J. Maklakiewicz.

Onsdag 19. kl. 19.00

### VI SYNG JULA INN

Arna Barnekantori  
Keryx  
Arna kammerkor  
Arna kyrkjekor  
Instrumentalistar, solistar, tekstlesar.

### JANUAR:

Søndag 6. kl. 17.00

### KORKONSERT

Dirigent PER ODDVAR HILDRE  
Billetter ved inngangen.

## Lagskort

er julekort med kristne motiv og tekster. I over 20 år har Laget (lagsbevegelsen) produsert lagskort. Såvel unge, ukjente, som veletablerte kunstnere har bidrat med originaler.



Kyrkjelydsbladet har fått tilsendt fleire nye bøker fra Verbum forlag, og her vil vi nemna om nokre av dei.

### 1. Lars J. Danbolt: SAMMEN I SORGENS LANDSKAP

I denne boka handlar det om det som hender den første veka etter eit dødsfall. Om korleis det er å oppleve sorg og kva som hender fram mot gravferda. I boka vert det og stilt spørsmål om kva verdier frå generasjonar før som har blitt borte med vårt møte med døden i dag.

Ein grunntanke i boka er og at avskilen med våre døde ikkje berre skal overlatast til profesjonelle. Dei etterlatne er sjølv hovudpersonar i det som hender, og forfatta- ren gjev kunnskap og informasjon på dette feltet.

Forfattaren, Lars Johan Danbolt, skriv ut frå sine røynsler som prest og ut frå egne opplevingar av død og sorg.

Sist i boka er det og ein del dikt av Anne Marit Vesteraas Danbolt under tittelen: Rop fra sorgens landskap — dikt fra netter i sorg.

Forfattaren er for tida utdanningsprest ved Modum Bads Nervesanatorium.

Eg synest boka er ei god innføring i «sorgens landskap».

### 2. SYNG LOVSANG HELE JORDEN

Det kjem stadig til nye songar. Slik har det vorte mange nye også etter at salmeboka kom ut for nokre år sidan.

Verbum forlag har no gjeve ut eit fint hefte med 101 salmar og songar frå mange land under tittelen «Syng lovsang hele jorden». Til songane er det i heftet enkel notelinje.

Harald Sundsbø

## Så rekker jeg deg nå med glede min hånd, kom skynd deg og gi meg den andre!

Liker du å ha kontakt med folk? Da kan du gå til en nabo og banke på døren. Om du av en eller annen grunn ikke så lett kommer deg avsted, kan du åpne døren for den som vil banke på hos deg. Dere kan ha mye å gi hverandre.

Mange ordner opp i dette helt privat, selvsagt. Men det viser seg i dag at der er behov for en form for organisering av slike besøk.

Diakoniutvalget i Indre og Ytre Arna menighet vil gjerne være med å formidle kontakt mellom dem som vil åpne døren for et besøk og den som vil være besøker. Vi ber deg ta kontakt med oss, enten du hører til den ene eller den andre gruppen!

I julen skal vi synge: «Så rekker jeg deg nå med glede min hånd. Kom skynd deg og gi meg den andre!» Det gjør vi?!

Ledere for besøkstjenesten er Kjellaug Haugsdal i Indre Arna og Eli Mohn i Ytre Arna. De andre medlemmene i diakonutvalget er Turid Mjelde, Bjørg Marie Stølås, Tove Skjoldal, Anne Karin Hageberg, Reidun Værøy og Grethe Bergo Larsen, Indre Arna. Maria Teigland og Ingrid Olsen, Ytre Arna.

Utenom disse tar prestekontorene imot henvendelser. Vi tar også imot gode tips fra alle som har det.



# KYRKJEFEST

125-årsjubileet for Arna kyrkja vart ei kyrkjefest som hadde det meste - alt frå den mest swingande jazzstemning då Ytre Suløen, Rhoda Gravem og Arna Kammerkor dro igang med gladkonsert, vårt eige Keryx som hadde gospelkveld saman med Bergen Ten Sing, eit imponerande historispel framført av ungdomane i den nye ungdomssklubben Arken, til den høgstemte jubileumsgudstenesta sist søndag med nattverdfeiring for ei fullsett kyrkje av innbodne gjester og kyrkjelyden sine egne folk. Det var stor oppslutning om dei mange arrangementa under jubileumsfeiringa.

Det begynte under gladkonsert, og det kom til å slå an tona for heile kyrkjebjulet.

Arna Kammarkor under leing av sin dirigent, kantor Asbjørn Flåm, hadde lege i hardtøring til denne storhendinga i Arna, der dei hadde fått med seg kjende trekkplastar som Ytre Suløen jazzensemble og solisten Rhoda Gravem. Konserten trekte også folk fra heile Bergen og omegnskomunane.

Eit par frå Bergen som var på veg til Voss, men ikkje nådde toget på Arna stasjon, såg plakaten og gjekk på kyrkjekonsert i staden. Det angra dei ikkje på.

Det gjorde heller ikke alle dei andre som fann vegen til Arna-kyrkja denne kvelden.

«Bygdanytt» skreiv i sin svært positive omtale av konserten at dei tykte synd i dei Arna-buarane som denne kvelden valgte å vera heime for å sjå «Vikingane» på TV i staden.

## Utstilling

Mange fekk også meg seg jubileumsutstillinga i kyrkjelydshuset. Den hadde noko for mange ulike interesser. Arna Sogelag

hadde samla fotografier som ga eit bilete av Arna- bygda gjennom 125 år. Kyrkje-kunst og kyrkjeinteriør frå ei rad ulike stader på Vestlandet vart også vist fram, mellom anna gjennom fotografier frå Historisk Museum. Ikkje minst vakte formingsarbeidene som elvane ved dei ulike barneskulané i Arna hadde laga stor interesse.

## Historiespel

Den nystarta ungdomssklubben Arken viste fram resultatet av sitt første prosjekt på jubileumsfesten i kyrkjelydshuset laurdag.

Det var historia om Arna kyrkje, eit jubileumsspel i sju akter av kateket Erik Rodal. Framsyninga viste at Arna har mange gode skodespelartalent blant sine ungdommar. Fleire av dei boltra seg i fleira ulike rollar i løpet av spelet, alt fra konge av Danmark/Norge til formannsskapsmedlem i Haus herad til bygningsarbeidar på Arnakyrkja. Ikkje minst gjorde Ingvald Straume stor lykke med sine kjappe improvisasjonar der det var naudsynt. Eit stort og omfattande arbeid låg bak framføringa både med sjølve spelet, syng av kostymer og lagning av kulisser. Alle som hadde vært med på dette fekk overrekk ei rose etter urframføringa.

Ikkje minst gjekk ei stor takk til Magnhild Rygg som hadde opna butikken sin «Mody» på Lone Senter etter stengt tid og leia arbeidet med syng av kostymer der.

## Varaordførar

Varaordførar Arne Mikal Landro tok opp ungdomsarbeidet i si helsing frå Bergen kommune under samværet i kyrkjelydshuset etter jubileumsgudstenesta søndag. Det er godt om kyrkja også legg vekt



*Prestar som tok del i samband med jubileumsgudstenesta 2.12. Frå v.: Sokneprest Kjell Nese, sokneprest Finn Halle Tvedt, res.kap. Helge Hitland, sokneprest Per Inge Eide, prost Kaare Nødtvedt, res.kap. Harald Sundsbø, forstandar Øyvind Øy, døveprest Asgeir Straume, sokneprest Hans Salamonsen.*

*Ingvar Hageberg og Ragnar Tesdal var ikkje tilstades då biletet vart teke.*

på å ha ein sosial funksjon, sa Landro. Det verkar førebyggjande på ein god måte, noko som også kan koma kommunen sin økonomi til nytte. Landro sa at ein ungdom som vert fanga opp i rusmisbruk ofte kan kosta ein million kroner i ulike hjelpetiltak. Eit ungdomsarbeid som kan få ungdom inn på andre vegar vil vera av stor verdi for den einskilde og for samfunnet.

Landro var av kyrkjelyden takka for den velvilje kommunen hadde vist i samband med jubileet ved å løyva pengar til ut-

vendig oppussing av kyrkja og til ny gulvløpar inne i kyrkja.

Svært mange menneske i Arna var på ulikt vis engasjerte i samband med kyrkjebjulet. På dei mange arrangementa var det eit stort korps av frivilljuge i sving på kjøkkenet, som servitørar og på anna måte. Sokneprest Kjell Nese seier seg svært nøgd med jubileumsfeiringa. Alt har gått veldig greitt, seier han og takkar alle som deltok med ulike oppgaver på dei mange arrangementa.

# Nå kommer sovjet-jødene hjem til Israel!



"Se, jeg fører dem fra landet i nord og samler dem fra jordens ytterste ende; blandt dem er det både blinde og halte, både fruktsommelige og fødende; som en stor skare skal de komme hit tilbake. Med gråt skal de komme og med ydmyke bønner, og jeg vil lede dem; jeg vil føre dem til rinnende bekker på en jevn vei, hvor de ikke skal snuble; for jeg er blitt en far for Israel, og Efraim er min førstefødte. Hør Herrens ord, I folk, og forkynn det på øene langt borte og si: Han som adspredte Israel, skal samle det og vokte det, som en hyrde vokter sin hjord." (Jeremias 31:8-10)

Unge sovjetiske familier søker en bedre fremtid i Israel. Denne flyreisen var betalt av HJELP JØDENE HJEM i Norge. Hjelp oss å hjelpe flere.



## Profeti blir historie

Da vi en oktober-natt sto ute på flyplassen i Tel Aviv og så El Al flyet med 220 sovjetjøder lande ble plutselig profeti til historie. De kom ned trappen fra flyet presis slik Jeremias hadde profetert. Noen kvinner var gravide, noen bar små barn på armen, gamle måtte ha en arm å støtte seg til, andre måtte bæres. Unge sterke mennesker kom sammen med åpenbart trette og syke. De sovjetiske jødene vender hjem til Israel! Flyet de kom med var betalt av Aksjonskomiteen HJELP JØDENE HJEM. Sjekk på nærmere en halv million kroner per få dager i forveien gitt til Israels statsminister.

## 2500 hver dag

Det ankommer nå mellom 1500 - 2000 sovjetjøder til Israel hver dag, og det er vel knapt noen mer direkte måte vi kan hjelpe dem til Israel på enn å betale flyutgiftene. Det var sterke opplevelser og inntrykk for alle som var tilstede på flyplassen i Tel Aviv denne natten.

## Stor overgang

Aksjonskomiteen HJELP JØDENE HJEM har hittil samlet inn rundt 6 millioner kroner i Norge for å hjelpe de sovjetiske jødene til rette i Israel. De ankommer Israel uten stort annet enn det de står og går i. De har vært trakassert og plaget i Russland, og nå skal de etablere seg på nytt i et land med helt annet språk, en annen kultur og en åpenhet og et demokrati de ikke kjenner.

De blir tatt vel imot i Israel, men landet trenger vår hjelp til å absorbere disse hundretusener nye innvandrere. Derfor fortsetter Aksjonskomiteen sin innsamling over postgiro 55 og bankgiro 55 u dette året for å nå målet på 10 millioner kroner.

Utenriksdepartementet har bevilget en halv million, resten skal vi som fotfolk klare.

## HJELP JØDENE HJEM!

Postgiro 55 Bankgiro 55  
HJELP JØDENE HJEM  
Collets gt. 43, 0456 Oslo 4  
Tlf. 02 - 69 23 70

# BARNESIDA

FOR STORE & SMÅ


Redigert av  
INGVALD STRAUME



## Dette nummerets vanskelige gåte?

HVA ER DETTE?

(Svar står på side 14)



Dersom du har noen lure vitser på lager, så send dem til oss. Tegninger o.l. tar vi også gjerne imot!

## VITSER

—Hørt om han som hadde så mange rynker i panna at han måtte skru av seg hatten?

Så var det sauen som falt utfor et stup og ble lam!

Denne vitsen er innsendt av Petter Sivertsen (14):

To isbjørner gikk i ørkenen, så sa den ene:

—Her må det være glatt!

—Hvordan det? spurte den andre.

—Ser du ikke hvor mye de har strødd!

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døypete

#### Arna sokn:

30. 9: Jeanette Kalleklev.  
07.10: Wenche Mostuen, Hege Beate Seilen, Espen Rygg.  
21.10: Isabelle Svalland, Lise Mayrin Økland Thunestvedt, Christine Roland Arnatveit, Erik Velure Selliken, Tormod Hauge Eilifsen, Peter Jarle Bertelsen.  
21.10: Mikal Roe, døypt i Trengereid kapell.  
11.11: Charlotte Stiansen Storebø, Silje Kalleklev Velure, Ørjan Arnesen, Esben Aarseth.  
18.11: Andrea Birkeland, Øyvind Halsøy.

#### Ytre Arna sokn:

- 14.10: Robin Garen, Catharina Vold, Lena Skår, Line Moene Kuven.  
04.11: Thomas Mjelde Løtvedt, Malin Flatås.  
11.11: Mads Olav Fonn Dretvik, Camilla Jensen Grinde.



### Vigde

#### Arna sokn:

- 06.10: Ronnie Pedersen og Anne Britt Kreybu.  
13.10: Jan Gustav Garnes og Ann Lisbeth Sætre.

### † Døde

#### Arna sokn:

- 24.09: Olav Solhaug, f. 1912  
05.10: Oskar Martin Berge, f. 1911  
12.10: Elin Låstad, f. 1974  
12.10: Alma Andrea Assersen, f. 1907  
14.10: Konrad Johan Egge, f. 1910  
19.10: Jan Ferdinand Madsen, f. 1935

- 23.10: Brita Sundland, f. 1905  
25.10: Han Johan Sleen, f. 1921  
27.10: Christian Jens Cindal, f. 1916  
15.11: Gerda Hansen, f. 1917

#### Ytre Arna sokn:

- 04.10: Anna Rivenes, f. 1902  
22.10: Britt Skulstad, f. 1923  
01.11: Anna Valestrand, f. 1914  
03.11: Normann Wiik, f. 1913  
05.11: Sverre Ingvald Pettersen, f. 1908

## Ofringar

#### Arna sokn:

- 07.10: Kyrkjelydshuset kr. 2.948.-  
14.10: Kirken SOS kr. 2.189.-  
21.10: Kyrkjelydsarbeidet kr. 3.075.-  
28.10: AAN kr. 2.284.-  
04.11: NLA kr. 1.491.-  
11.11: Kyrkjelydsarbeidet kr. 3.049.-  
18.11: IKO kr. 2.423.-

#### Ytre Arna sokn:

- 07.10: Israelsmisjonen kr. 1.500.-  
14.10: KFUK/KFUM kr. 776.-  
28.10: Det Hvite Bånd kr. 1.040.-  
04.11: Menighetsfakultetet kr. 1.342.-  
11.11: Norsk Lærerakademi kr. 700.-  
18.11: Diakoniutvalet i Ytre Arna kr. 666.-



## Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-  
ne desse søndagane:

#### Arna kyrkje:

25.12, 30.12, 06.01, 20.01, 03.02.

#### Ytre Arna kyrkje:

25.12, 06.01, 03.02. I Ytre Arna kan ein og ha dåp når det er nattverd: 30.12, 13.01, 20.01, 10.02.

## KYRKJESKYSS FRÅ HAUKELAND/UNNELAND

- 09.12: Magne Mestad .....tlf. 24 00 14  
16.12: Sverre Myklebust .....tlf. 24 29 05  
23.12: Berit Haugsvær .....tlf. 24 08 15  
24.12: Ingrid Hope .....tlf. 24 08 08  
25.12: Nils Minde .....tlf. 24 01 54  
26.12: Magne Mestad .....tlf. 24 00 14  
30.12: Sverre Myklebust .....tlf. 24 29 05  
01.01: Berit Haugsvær .....tlf. 24 08 15  
06.01: Ingrid Hope .....tlf. 24 08 08  
13.01: Nils Minde .....tlf. 24 01 54  
20.01: Magne Mestad .....tlf. 24 00 14

## MØTER

#### Betania, Lone:

- 13.12: Møte v/NLM  
16.12: Familiemøte kl. 16.30 v/BUF  
31.12: Nyttårsfest  
01.01: Møte v/BUF  
06.01: Møte v/Indremisjonen  
10.01: Nattverdmøte  
17, 19 og 20.01: Møter v/Finnmarksmisjonen

#### Ytre Arna bedehus:

- 15.12: Møte v/Misjonssambandet

#### Tunes bedehus:

- 13.12: Møte for Misjonssambandet kl. 19:00

## KYRKJESKYSS FRÅ TUNES

Diakoniutvalet i Arna vil ordna med skyss heim igjen for dei som har trong for det etter gudstenestene i Arna kyrkje søndag formiddag. Bruk den vanleg rutebuss frå Tunes til kyrkja. Gje melding til kyrkjeverten om at du treng skyss heimatt, så vil diakoniutvalet ordna med det.

## Riktig svar på spørsmålene s. 4

1. Abraham (Matt 1,2) og Adam (Luk 3, 38)
2. Betlehem (Luk 2,4)
3. Nasaret (Luk 4,16)
5. Gull, røkelse og myrra (Matt 2,11)
6. Engelen Gabriel (Luk 1,26 og Matt 4,13)
7. Gjeterne på Betlehemsmarkene (Luk 2,8-17)
8. Keiser Augustus (Luk 2,2)
9. Kvirinius (Luk 2,2)
10. Overprestene og de skriftlærde (Matt 2,4)
11. Åtte dager (Luk 2,21)
12. Et par turtelduer (Luk 2,24)

## LAGSKORT

er julekort og selges kun i november og desember. Hvert kort som selges bidrar til Lagets arbeid. Over 50 heltidsansatte prester og sekretærer, samt hundrevis av frivillige voksenledere og lagsvenner er engasjert i arbeidet for å nå studenter og skoleungdom med det kristne budskapet.

#### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

## Julemesse for kyrkjelydshuset

Laurdag 17.11 var det julemesse i det nye kyrkjelydshuset i Arna. Det var dei 28 medlemmene i 7 kyrkjeringar som stod for arbeidet med messa, og dei hadde lagt opp med varierte programinnslag utover dagen der mellom anna Haukeland Songlag og Unnelandskoret var med.

Og dei er også godt nøgd med resultatet. I netto kom det inn kr. 41.745 til Kyrkjelydshuset, og det kjem godt med i den tomme kassen. Denne gongen kom alt inn under julemessa, då det ikkje var loddsal på førehand.

## Teleslynge i Kyrkjelydshuset

Diakonitualet i Arna har fått ei anonym gåva på 10.000 kroner. Pengene skal brukast til teleslynge i kyrkjelydshuset i Arna

## FAT

For nokre år sidan vart det laga eit fint fat med motiv av Arna kyrkje. Det er framleis å få kjøpt på kyrkjekontoret i Borgstova for kr. 100.

SVAR PÅ GÅTEN på side 11: En prest som vasker kirkegulvet.

## Tannlege MNTF LINE BORJA

tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46  
mellom 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemd: Audun Stølås, Sylvi Sæle, Harald Sundsbø, Ingvald Straume.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av Grafisk Forum AS, Ytre Arna.

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Kåre Bj. Hope

Står til teneste med alt ved dødsfall.

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

TLF. 24 08 08

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konser- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

- til bygdefolket sitt beste

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95



5260 Indre Arna

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

I MIN FORRETNING  
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna – Tlf. 24 04 96

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for  
Bil – Båt og  
varetransport



## ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen ved J.B. Myklestad.



# Velkommen til kyrkje

- Des. 09** 2. s. advent — Luk. 21, 25-33.  
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Barnekantoriet. Takkoffer til Hjemmenes Dåpsring.  
Arna kl. 19. Jubileumskonsert. Arna kyrkjekor. Musikklaget Janus. Arnavågen Musikklag, Gullfjell Trekkspelklubb. Kantor Asbjørn Flåm.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kristelig kringkastingslag.  
Ytre Arna kl. 19. Lysmesse. res.kap. Sundsbø.
- Torsdag**
- Des. 13** Arna kl. 19. Konsert. Haukeland Songlag.
- Des. 16** 3. s. i advent — Matt. 11, 2-10.  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kalfarkollektivet.  
Ytre Arna kl. 19. JULEKONSERT.  
Unneland 16.30. Lysmesse
- Onsdag**
- Des. 19** Arna kl. 19. VI SYNG JULA INN — ALLE KOR I KYRKJELYDEN.
- Des. 23** 4. s. i advent — Joh. 1, 19-27.  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.  
Arna Helseheim kl. 11. Sokneprest Nese.
- Des. 24** *Julaftan* — Luk. 2, 1-14.  
Arna kl. 14.30. Sokneprest Nese. Lone Skulemusikk — Betania Barnekor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kl. 15.30. Sokneprest Nese. Indre Arna Skulemusikk — Barnerøster. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kl. 16.30. Sokneprest Nese. Garnes barnekor. Takkoffer til Diakoniarb. i Arna.  
Ytre Arna kl. 15.00. Res.kap. Sundsbø. Ytre Arna barnekor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 16. Res.kap. Sundsbø. Ytre Arna barnekor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Takvam kl. 14. Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Trengeid kl. 15.30. Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Des. 25** *Juledag* — Joh. 1, 1-14.  
Arna kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Musikklaget Janus. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.  
Ytre Arna kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Ytre Arna kyrkjekor. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
- Des. 26.** 2. *Juledag* — Matt. 10, 17-22.  
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.  
Trengeid kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE. Res. kap. Sundsbø. Takkoffer til det norske Misjonsselskap.
- Des. 30.** *Søndag etter jul* — Luk. 2, 25-38.  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Ungdommens julegudsteneste. Takkoffer til Kirkens sosialtjeneste.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
- Des. 31.** *Nyårsaftan* — Luk. 13, 6-9  
Arna kl. 23.15. Sokneprest Nese.  
Ytre Arna kl. 23.15. Res.kap. Sundsbø.
- Jan. 01.** *Nyårsdag*  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø.
- Jan. 06.** *Kr. openberringsdag* — Matt. 2, 1-12  
Arna kl. 11. Sokneprest Nese.  
Arna kl. 17. Korkonsert. Dir. Per Oddvar Hildre.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Jan. 08.** Ytre Arna kl. 19. Konsert.
- Jan. 13.** 1. s.e. *Kr. Openberr.* Matt. 3, 13-17  
Arna kl. 11. Res. kap. Sundsbø. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Dr. Mauds minne.
- Jan. 20.** *Vingardssøndagen.* Matt. 20, 1-16.  
Arna kl. 11. Sokneprest Nese.  
Ytre Arna kl. 11. Gudsteneste. Takkoffer til Bibelmisjon.